

SAKSFRAMLEGG

| Saksnr | Utval | Møtedato | Sakshandsamar |
|--------|--------------|------------|---------------------|
| 073/13 | KOMMUNESTYRE | 18.06.2013 | Helge Andre Njåstad |

| | |
|--------------------|---------------|
| Arkivsaknr. 13/498 | Arkiv: FE-140 |
|--------------------|---------------|

Kommuneplanen for Austevoll

18.06.2013 KOMMUNESTYRE

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp/Sp v/Jostein Blænes - som tilråding i saka med følgjande tillegg:

Austevoll kommunestyre viser til føresegnene i kommuneplanen om plankrav og ber rådmannen merke seg det i samband med byggesakhandsaming. Dette for å sikre likebehandling av alle. I tilfeller der plankrav er urimeleg må slik sak legges fram for politisk handsaming. I den siste tida har kommunestyret merka seg at mange prosjekt er bygd ut etter landbruksregelverket utan politisk behandling. Alle saker som ikkje eksplisitt er planklarert for utbygging må handsamast i utval for plan og byggesak.

Austevoll kommunestyre vedtek å fastsetje gebyr for behandling av dispensasjon frå plankrav til 25% av ordinær dispensasjonsnivå. Dette fram til gebyrsatsene for 2014 vert fastsett i 2014 budsjettet.

Austevoll kommunestyre viser til fleire merknader til kommuneplanen frå enkeltpersoner på enkelt prosjekt. Ein overordna kommuneplan regulerer ikkje alle detaljar og difor vil dei fleste tiltaka må gå gjennom reguleringsplanprosessar i ettertid og også der vil naboar og andre kunne komme med sine merknader / Innspel. Kommunestyret føreset at utval for plan og byggesak i dei prosessane i meir detalj vegar dei ulike hensyna opp mot kvarandre.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert sjekka opp om det er feilteikning i Porsdalen.

Framlegg frå Høgre v/Mons Ove Hauge:

Austevoll kommunestyre vedtek med dette at eksisterande og planlagte bygningar langs strandlinja innanfor reguleringsplanen på Blænes 63/6 vert oppretthalde som naust i ny kommuneplan.

Det vart røysta over tilrådinga som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over framlegget frå Frp/Sp som vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over framlegget frå Høgre som fekk 8 røyster og falt (Høgre og Ap) , 13 røysta mot (Frp, Sp og Krf).

KST-073/13 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek i medhald av PBL§11-1 kommuneplanen med full rettsvirkning.

Kart: datert 18. juni 2013

Føresegner: datert 17. juni 2013

Samfunnsdel: datert 17. juni 2013

Austevoll kommunestyret har vurdert alle innkomne merknader til kommuneplanen og teke omsyn til merknader frå offentlege organ der det var lagt fram motsegn til planen. Forhold knyta til motsegn er avklara i møter med fylkesmannen og fylkeskommunen og krav frå andre organ er imøtekoma slik at det ligg til rette for eigengodkjenning av planen.

Austevoll kommunestyre viser til føresegnene i kommuneplanen om plankrav og ber rådmannen merke seg det i samband med byggesakhandsaming. Dette for å sikre likebehandling av alle. I tilfeller der plankrav er urimeleg må slik sak legges fram for politisk handsaming. I den siste tida har kommunestyret merka seg at mange prosjekt er bygd ut etter landbruksregelverket utan politisk behandling. Alle saker som ikkje eksplisitt er planklarert for utbygging må handsamast i utval for plan og byggesak.

Austevoll kommunestyre vedtek å fastsetje gebyr for behandling av dispensasjon frå plankrav til 25% av ordinær dispensasjonsnivå. Dette fram til gebyrsatsene for 2014 vert fastsett i 2014 budsjettet.

Austevoll kommunestyre viser til fleire merknader til kommuneplanen frå enkeltpersoner på enkelt prosjekt. Ein overordna kommuneplan regulerer ikkje alle detaljar og difor vil dei fleste tiltaka må gå gjennom reguleringsplanprosessar i ettertid og også der vil naboar og andre kunne komme med sine merknader / Innspel. Kommunestyret føreset at utval for plan og byggesak i dei prosessane i meir detalj vegar dei ulike hensyna opp mot kvarandre.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert sjekka opp om det er feilteikning i Porsdalen.

Tilråding frå ordføraren:

Austevoll kommunestyre vedtek i medhald av PBL§11-1 kommuneplanen med full rettsvirkning.

Kart: datert 18. juni 2013

Føresegner: datert 17. juni 2013

Samfunnsdel: datert 17. juni 2013

Austevoll kommunestyret har vurdert alle innkomne merknader til kommuneplanen og teke omsyn til merknader frå offentlege organ der det var lagt fram motsegn til planen. Forhold knyta til motsegn er avklara i møter med fylkesmannen og fylkeskommunen og krav frå andre organ er imøtekoma slik at det ligg til rette for eigengodkjenning av planen.

Vedlagte saksdokument:

| Dok.dato | Tittel |
|-----------------|---|
| 17.06.2013 | Framlegg til kart datert 17. juni 2013 |
| 17.06.2013 | Framlegg til føresegner datert 17.06.13 |
| 17.06.2013 | Framlegg til samfunnsdel datert 17. juni 2013 |
| 17.06.2013 | Austevoll kommune Hordaland - Kommuneplan 2010-2022 - motsegn trekkjast.doc.pdf |
| 17.06.2013 | Tilbaketrekking av motsegn - kommuneplan 2012-2023 - Austevoll kommune - Hordaland fylke.pdf |
| 17.06.2013 | Trekking av motsegner til kommuneplanens arealdel - frå Hordaland fylkeskommune |
| 17.06.2013 | Trekking av motsegner til kommuneplanens arealdel _ Austevoll kommune |
| 17.06.2013 | Kommuneplan Austevoll bestemmelser - e-post frå Fylkesmannen, kommunal- og samfunnsplanavdelingen |
| 17.06.2013 | Kommuneplan - Austevoll kommune, Forsvarsbygg trekker innsigelsen |

NB!

Merknader og innspel til siste høyring er sendt ut til politikarane i eiga sending og er lagt ut på heimesida under saksdokument til kommunestyremøte 18. juni.

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med kommuneplanen har pågått sidan 27.april 2010 då kommunestyret meldte oppstart og ville revidere kommuneplanen.

Det har vore ei stor grad av medverknad frå grunneigare, interessenter, offentlege organ,næringslivet og ungdom der særleg ungdommens kommunestyret har vurdert saka ved fleire høve. Dette har vore ei viktig del av prosessen fram til i dag.

Dei siste justeringane etter dialog med høyringspartane er gjort 17. juni 2013.

Vurdering:

Kommuneplanen er eit omfattande og viktig arbeid. Pågongen med innspel og engasjement overgår alt anna av det kommunen har opplevd i ei sak. Medverknaden har og vore stor med fleire folkemøter osv. Dei folkevalde har og vore sterkt delaktig i planprosessen.

Sidan det vart fremma motsegn frå 4 innstansar har me måtte arbeida heilt fram til kommunestyret sitt møte 18. juni med å tilpasse kart og føresegner slik at motsegna kan fjernast.

Motsegnene vart stadfesta fjerna slik:

Kystverket pr telefon 17. juni kl 0913

Fiskeridirektoratet pr e-post 17. juni kl 0900

Hordaland fylkeskommune, kultur pr e-post kl 1233

Motsegn frå Hordaland fylkeskommune, plan vedk naust i Heimkarkpollen er ikkje avklara måndag. Her har kommunen på ny redusert naustområdet og oversendt det fylkeskommunen som har lova svar innan tysdag morgon.

Fylkesmannen i Hordaland har Austevoll kommune hatt god dialog med i heile planprosessen og blitt samd om det meste gjennom avklaringsmøte og meklingsmøte.

Fylkesmannen skriv i e-post 17. juni:

Fylkesmannen trekker formelt ikke innsigelsen før kommuneplanen med bestemmelser er vedtatt av kommunestyret slik vi nå ser at de er utformet.

Jeg kan bekrefte at dersom kommunen vedtar kommuneplanen med de bestemmelsene som foreligger og sist ble oversendt til meg, trekker vi formelt innsigelsen.

I realiteten er vi enige om innhold. Men det gjenstår at også kommunestyret vedtar disse. Jeg foreslår følgende for kommunen:

Dersom disse bestemmelsene blir vedtatt, kan Austevoll kommune vedta kommuneplanen med bestemmelser med full rettsvirkning. Kommunen trenger da ikke gjøre unntak for rettsvirkning for noen del av planen etter plan- og bygningsloven § 11-16, første ledd.

Kommunens vedtak sendes da til Fylkesmannen i Hordaland, og vi vil trekke innsigelsen deretter.

Dersom det blir endringer i hvilke bestemmelser som blir vedtatt av kommunestyret, består innsigelsen fra Fylkesmannen og bestemmelsene kan ikke vedtas med rettsvirkning, jf. pbl. § 11-16, første ledd.

Sidan dei folkevalde har vært så tungt inn i prosessen vurderer ordføreren det som greitt å leggje saka fram for kommunestyret til avgjerd 18. juni. I tillegg er planen som vert lagt fram for kommunestyret i stor grad i tråd med det kommunestyret sjølv la på høyring. Dette er sjølvsagt med forbeholdt om at også Hordaland fylkeskommune, plan trekker motsegnet innan kl 12 tysdag 17. juni.

Dette sikrar også at dei mange som ventar på godkjent plan kan gå i gong med vidare arbeid med reguleringsplanar eller bygging der det er tillate direkte. Oppstartsløyver i tråd med ny kommuneplan kan gjerast på sommarfullmakt slik at planprosessane kjem i gong raskt.

Kommuneplanen til Austevoll som no ligg i bordet gjenspeglar at Austevoll er ein JA-kommune med utvikling. Svært mange innspel på positive prosjekt med fokus på bustad, næring og reiseliv vert godkjent. Det ligg godt til rette for fin utvikling av heile Austevoll.

Prosessane med høyringspartane har vært betre denne gongen enn ved tidlegare kommuneplanprosessar. Austevoll kommune vil takke for hurtig respons når det har vært dialog og elles godt samarbeid. Til samanlikning kan det nemnast at Fylkesmannen ved godkjenning av kommuneplanen i 2006 hadde over 50 motsegn og i år berre 3.

Krav om reguleringsplanar før utbygging kan skje er skjerpa inn. Det betyr at det framover vil koma endå fleire planar og endring av planar til utval for plan og byggesak.

Problemstillingar knytt til flyterbygger må tydelegare avklarast i kommuneplanen. Dette tar ikkje me no fordi det kreves nye rundar med høyring osv. Difor vert det alt no varsla ein kort revidering av planen til hausten med utelukkande fokus på flytebygger.

Fullstendig rullering av planen må kommunestyret syta for skjer hyppig. I tillegg må Austevoll kommune alt no syta for å fange opp i det daglege problemstillingar som må vurderast i neste planrevisjon. Det gjeld både møter, telefonsamtalar, dispensasjonsforespurnader og andre informasjon som må loggast for vurdering i neste revidering. Dette er eit ansvar kvar enkelt tilsett som får hendvingingar må syta for vert lagt i ei revideringsmappe slik at dei folkevalde kan fange opp behov som oppstår fortløpande. Det gjeld også fagleg informasjon om viktige naturtypar, friluftsiinteresser osv som vert gjort kjendt fortløpande. Rådmannen må syta for å få på plass rutinar for dette med ein gong. Det bør vera eit mål å revidere planen kvart 4. år. Då må kommunestyret sette i gong planprosessen 1. halvår 2015 for å ta sikte på å ha planen revidert 2017.

Samfunnsdelen er stort sett uendra frå utlegging, men kommunestyret sitt vedtak om slaggord og utval for oppvekst og kultur sin innstilling om struktur vert innarbeida saman med andre mindre justeringar.